# Sunnylvingen

BLAD UTGJEVE AV SUNNYLVEN IDROTTSLAG

Hellesylt, fredag 3. desember 1982

Nr. 23 – 5. årgang.

SUNNYLVEN SPAREBANK
Ekspedisjonstider:
Mandag, tysdag, onsdag og fredag kl. 08.30 – 15,30
Torsdag kl. 08.30 – 17,00
– bygda sin eigen bank

Årsmøte i S. I. L.

# KJELL RUNDE NY FORMANN

**Årsmøtet i Sunnylven Idrottslag valde søndag Kjell Runde til ny formann. Han tek over etter Ole Aasen, som no går ut av hovudstyret for å ta vervet som formann i fotballgruppa. Denne gruppa var utan formann siste året.**
**På årsmøtet vart elles årsmelding og rekneskap samrøystes godkjendt. Rekneskapen synte, som vi fortalde i førre nummer, eit underskot på fram mot kr. 35.000,-**
**På årsmøtet vart det elles i tillegg til vanlege årsmøtesaker, delt ut premiar for Fjelltrimmen og jubileumspokalen. Han gjekk i år til Paul Tronstad.**



*På årsmøtet vart det delt ut premiar for Fjelltrimmen. Her ser vi dei yngste premievinnarane. Bak frå v.: Solgunn Nybø og Lars Tore Stokke. Framme frå v.: Ann Kristin Wollsæter, Wenche Wollsæter og Petrin Langeland.*

Barnehagen :

## Lag tilbyr tilskot

**I det avisa går i trykken, er det enno uvisst om det vert løyvingar til barnehage i Sunnylven på - 83 budsjettet. Og sjansane for løyvingar synest heller ikkje å vere gode. Dette trass i at Sunnylven sanitetslag og Hellesylt Husmorlag no har bode kommunen kr. 3.000,- kvar i oppstartingstilskot !**

Etter det ordførar Leiv Berge opplyser, var ikkje løyving til barnehagen kome med før siste budsjettmøtet, som vart halde i går, torsdag.

—Det må seiast at dette ikkje skuldast uvilje mot tiltaket, seier Berge, — og der er nok ting i budsjettet som må arbeidast vidare med også over nyår. Dette gjeld t.d. ordninga med Vaktsentralen, og like eins må kanskje opningstidene for idrettshallen vurderast på ny, seier Berge. — Det er då ein sjanse for at dette kanskje opnar for nye prosjekt seinare, avsluttar Berge.

# JUBILEUMSPOKALEN TIL PAUL TRONSTAD

**Jubileumspokalen for 1982 vart på årsmøtet søndag gjeven til Paul Tronstad for god og allsidig idrett for Sunnylven IL. Tronstad var og kandidat til pokalen i 1977, 1978, 1979 og 1981.**
**Jubileumspokalen er gjeven av utflytta sunnylvingar i Ålesund til Sunnylven IL sitt 75. års jubileum i 1976. Pokalen skal delast ut kvart år i 25 år.**

Paul Tronstad får aksjeen i Jubileumspokalen etter å ha oppnådd mellom anna desse resultata:

LANGRENN
Lysløyperennet, Sunnylven nr.3
KM, Fjellsæter nr. 4
Områderenn, Markane nr. 2
Fjellsæterrunden nr. 9
Heiåna nr. 9
Hornindalsrennet nr. 3
Holmøyskarrennet nr. 2
Nordfjordeid nr. 2
(Resultata viser plasseringa i klasse D, og M 6).

I tillegg til dette har Paul Tronstad delteke i og vunne dei fleste lokale renn i Sunnylven.

FRIIDRETT
Jonsokmila nr. 1 i si klasse.

Paul Tronstad har dessutan delteke fleire gonger på Sunnylven sine stafettlag i old boys klassa og levert gode løp på dei lange etappene.



*Paul Tronstad vart ein verdig vinnar av årets aksje i Jubileumspokalen. Tronstad har gjennom ei årrekke vore ein allsidig og fin representant for Sunnylven IL både i sommar og vinteridrettar.*
*På biletet over ser vi han som nr. 3 frå venstre med pokal i handa, etter ein old - boys siger i Sunnylvsstafetten. På biletet til høgre er han i aksjon under Hornindalsrennet i fjor.*




# KOMMUNEN FÅR LANGTIDSBUDSJETT

**— Ganske tidleg på nyåret, når den nye økonomisjefen i kommunen tek til i stillinga si, vil vi få Kommunedata til å køyre fram eit langtidsbudsjett for Stranda Kommune. Dette har lenge vore etterlyst, og det er på tide at vi no får arbeidet utført. Det er ordførar Leiv Berge som opplyser dette til »Sunnylvingen».**

Berge seier dette som ein kommentar til kritikken frå fylkesmannen m.a. over rekneskapsrutinene i kommunen. (Kritikken frå fylkesmannen omhandlar vi på s. 3). — No får vi sjølvsagt ikkje fleire pengar å rutte med med eit langtidsbudsjett. Men vi vil ha eit langt sikrare utgangspunkt for arbeidet med budsjetta, seier Berge.

I langtidsbudsjettet vert 1983 basisåret, og dette budsjettet vert av Kommunedata skrive fram i 4 år. På den måten vonar ein at kommunen fram for alt kan få ein meir ordna økonomi.

—Det har i eit par år vore drøfta om kommunen skulle anskaffe eige dataanlegg, men dette er ikkje aktuelt lenger, seier Berge, som fortel at fleire kommuner alt har gjort gode røynsler med Kommunedata, og den nye økonomisjefen, Støylen, er godt kjent med dei frå si noverande kommune.

—Kva med kritikken frå fylkesmannen, reint konkret ?

—Her meiner vi ikkje at alt er som det skal vere i kommunen, seier Berge, men det som gjerne ikkje kjem fram i slike rapportar er bakgrunnen for vanskane ein kjem opp i. Når det gjeld det ein skuldar Kommunalbanken, og som gjeld refusjon for tomteteknisk arbeid, er det ikkje noko å leggje skjul på at kommunen på grunn av sin likviditet tidlegare ikkje har makta å halde vilkåra overfor Kommunalbanken. Her har ein imidlertid no lagt opp til innbetalingsrutinar etter reglane frå banken.

Så ynskjet frå Berge er at fylkesmannen for framtida ikkje skal vere nødt til å skrive fleire så kritiske brev til kommunen.

Premieinntektene våre blir plasserte i bankane i distriktet og kjem derfor distriktet til gode.

GJENSIDIGE forsikring
NAF

INDRE SUNNMØRE GJENSIDIGE BRANNTRYGDELAG

Forsikringskontoret for fjordbygdene
Tlf. 60 246 – 60 418
Stranda

# FREDRIK HELSET ATTVALD SOM FORMANN I BONDELAGET

**Det var godt frammøte då Sunnylven Bondelag avvikla årsmøtet på Ringdals Kafe laurdag 20. november. Fredrik Helset leia møtet, og ved vala vart han einstemmig attvald som formann for 1983.**



Dei andre i styret er: Ole Hole, Jon Langeland, Ingebrikt Ljøen, Fredrik Stadheim og Johs. Kjellstad.

Revisorar: Karl Stadheim og Lars P Korsbrekke. Representant til årsmøtet i Sunnylven Samfunnshus P/L: Fredrik Stadheim. Utsending til årsmøtet i Fylkesbondelaget vart vald formannen med nestformannen som varamann.

Laget hadde i 1982 79 medlemmar. Årsmeldinga fortalde elles om eit aktivt år for laget. I tillegg til fleire styremøte, har det vore halde skog og markdagar i samarbeid med Skogbruksetaten i Stranda og Møre Felleskjøp, medlemsmøte, sammøte med bondelaga i Sykkylven, Stranda og Liabygda.

Styret var og med på synfaringa som utvalet for samla plan hadde i høve planane for kraftutbygging i Sunnylven.

Rekneskapen vart referert og av den gjekk det fram at laget står seg godt også økonomisk. Ein merka seg likevel at av ein trekt årskontingent på mellom 50 - 60.000,-, er lokallaget sin del berre vel kr. 3.000,-. Resten går til Fylkeslaget og Norges Bondelag.

OVERPRODUKSJON AV MJØLK OG KJØT.

Iver Jakob Hage, som er styremedlem i Møre og Romsdal Bondelag, kom i sitt foredrag på møtet inn på den store overproduksjonen av både mjølk og kjøt. Det er forventa at overproduksjonen i 1982 vil vere på 90 mill. liter, noko som gjer at produsentane vil få utbetalt frå 8-10 øre mindre pr. liter enn det jordbruksavtalen har fastsett. Overproduksjonen av kjøt reduserer utbetalingsprisen med kring 3 kr. kg.

Dette fører til at lønnsemda til den enkelte bonde vert sterkt redusert. For å begrense produksjonen, har fleire tiltak vore vurdert og to- pris ordning for mjølk vert såleis sett i verk frå 1/1 1983. Bonden vil få full pris inntil ei viss mengde. Produksjon over denne vert betalt med kr. 1,- pr. liter. Kvota for den enkelte vert bestemt ut frå gjennomsnittleg leveranse dei siste 4-5 åra, ei såkalla »historisk» kvote.

Seinare, truleg kring 1984-85, vil det verte to- pris ordning også på kraftfor. Det vert tildelt ei viss mengde kg. pr. dyr til markedspris, forbruk over dette må betalast med ein betydeleg høgare pris pr. kg., truleg så høg at det ikkje skal vere lønnsamt.

Desse tiltaka håper ein skal dempe overproduksjonen også på kjøt, slik at markedet kjem i balanse igjen.

Iver Jakob Hage orienterte også om arbeidet for ei fast helseteneste i jordbruket, eit tiltak det har vore arbeidd lenge med, og som ein håper snart vil kome i orden.

Magnar Solli frå Indre Sunnmøre Branntrygdelag synte film og snakka om manglar og feil i driftsbygningar som kan føre til brann.

Til slutt nemner vi at årsmøtet vedtok å sende eit brev der det vert protestert på regjeringa sitt nye opplegg for såkalla fondsavsetjingar. Sunnylven Bondelag går mot at fondsmidlar skal betalast inn til Norges Bank i staden for til lokale bankar slik det har vore høve til. Ei nyordning her vil føre til uheldige verknader for distrikta, dei lokale bankar og for kundane, meinte årsmøtet.

– k.m.

# KURS I BILETVEV

Ti kvinner er i desse dagar i gang med eit kurs der dei lærer tradisjonell biletvev under kyndig instruksjon av Margit Stadheim.

Stadheim fortel at kurset i alt skal vere på 36 timar, og at det vil vare til over jul. Målet er å lære deltakarane teknikken med biletvev så godt at dei kan arbeide sjølvstendig med veven heime etter at kurset er fullført.

Mønstrane dei brukar vert teikna av etter gamle mønstrar, og etter det vi kunne sjå var det eit interessant arbeid kursdeltakarane var i gang med.



*Over t.v. instruerer Margit Stadheim Anna Hole i arbeidet med biletveven, og på biletet under ser vi fleire av kursdeltakarane i arbeid.*



# Midlar til fritidstiltak

**Formannskapet fordelte på møtet mandag midlane til fritidstiltak for uorganiserte barn og unge. I Sunnylven fekk desse laga tilskot til følgjande tiltak:**

Sunnylven sanitetslag kr. 2.000,-
Tilskot til 6- års klubben. Denne møtest ein gong for veka i 2 1/2 time. Midlane skal brukast til innkjøp av leiker og anna aktiviseringsmateriell.

Sunnylvsbygda Grendalag kr. 3.000,-
Midlane er tenkt brukt til oppussing og utbetring av lokale til barnehage eller barnepark.

Tronstad Grendalag kr. 1.000,-
Midlane går til innkjøp av nytt luftgevær.

Bjørdal Grendalag kr. 1.000,-
Midlane skal brukast til istandsetting av hus og innkjøp av aktivitetsmidlar.

# Bord innkjøpt til samfunnshuset

**–Kronerullinga til Sunnylven Samfunnshus har no passert kr. 13.000,- . Det er eit resultat som vi er svært godt nøgde med og svært takksame for seier formannen i laget, Elsa Ljøen til »Sunnylvingen».**

Og pengane som er komne inn så langt i kronerullinga, er alt blitt brukt av. Det er nemleg kjøpt inn 20 samanleggbare bord og desse er alt komne, fortel Elsa Ljøen. –Borda vil bli tekne i bruk første gong på festen i kveld. Står borda fritt, kan det dekkast til 8 ved kvart bord, og kvart bord veg berre 12 kg, og lagt saman vert det berre fa centimeter tjukt.

–Målet er at vi alt kan få kjøpt inn 40 bord av denne typen, seier Ljøen. Og for alle som har streva og flytta bord frå skulefløyen til samfunshussalen til ulike tilskipingar, vil nok helse med glede at det no er komne permanente bord til samfunnshuset.

–Det har vore nemnt at styret i samfunnshuset burde ha gjort meir sjølve tidlegare for å få midlar til innkjøp av desse borda i staden for å starte ei kronerulling ?

–Av ymse årsaker har ikkje aktiviteten siste åra vore fullgod, men samfunnhusstyret har planar om fleire tiltak for å betre økonomien. Eit første steg i å auke aktiviteten, er mellom anna underhaldningskvelden i kveld, seier Elsa Ljøen.

## Tenning av julegrana søndag

Søndag 5. desember vert julegrana tent. Som tidlegare år er det Hellesylt Husmorlag som står for dette, og grana er plassert på plassen framfor Sunnylven Samfunnshus.

Før tenninga vert det stor tombola, der laget reklamerer med over 1000 vinstar !

Vi viser elles til annonse.

**Sunnylvingen**

| | |
|---|---|
| Ansvarleg redaktør: | Lars Fivelstad |
| Medarbeidar: | Arne Inge Tryggestad |
| Adresse: | Boks 21, 6218 Hellesylt |
| Bladpengar: | Kr. 85,- pr. år. |
| Postgirokonto: | 3 54 65 53 |
| Bankgirokonto: | 3974. 07. 02622 |
| Sats og montasje: | Trygg Trykk, Hellesylt |
| Trykk: | Cylindertrykk, Sykkylven |


## Kyrkjelege handlingar



Søndag 12. desember vert det Musikkgudsteneste i Sunnylven Kyrkje kl. 11.00.
Her medverkar Sunnylven Skulekorps, og Hellesylt Songlag syng. Vidare vert det song ved jenter frå 7. klasse ved Sunnylven skule under leiing av Bjarne Sjåstad. Frå Stranda kjem musikkskuleelevar og tek del i gudstenesta.

## Sunnylvingen i 1983

***Innlagt i denne avisa føl to kort. Det eine gjeld innbetaling av abonnementet for 1983. Her er den nye prisen kr. 95,- pr. år. Bruk det vedlagte kortet, eller betal inn på bankgirokonto 3974.07. 02622.***

Vedlagt føl og eit postkort, der vi gjerne ser at du sender oss namn og adresse på personar du trur kan vere interesserte i eit abonnement på »Sunnylvingen» Bruk også kortet om du vil tinge bladet som gåve til nokon, eller vil tinge bladet sjølv og enno ikkje er abonnent.
Tingar du bladet som gåve til nokon, har vi gåvekort som vi sender til mottakaren saman med første nr.
»Sunnylvingen» vil også komande år kome ut kvar 14. dag, dvs. med minst 24 nr. Siste året har vi hatt ein gledeleg auke i abonnenttalet, og vonar sjølvsagt at dette vil halde fram også i det nye året.

## Drosjeløyve utlyst

Peder F Helset har sagt opp drosjeløyvet i Sunnylven. Samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune har bedt om at kommunen vurderer trongen for å halde oppe det 3. drosjeløyvet i Sunnylven. Kommunen er ikkje i tvil om at dette løyvet må haldast oppe og viser til at det tidlegare er vedteke også å halde oppe det 4. løyvet. Som ordninga no er, er dei to andre drosjene plassert på Røyrhus og Vollset. Dei tre drosjene har stasjonert drosjer i sentrum etter ei vaktordning.
Formannskapet vedtok mandag difor å lyse ut det ledige drosjeløyvet som Peder Helset har sagt opp. ( Sjå annonse.)
Men Peder Helset vil halde fram med drifta til løyvet er tildelt på nytt.

## Kr 16.000 på sanitetsbasar

Sunnylven sanitetslag fekk inn heile kr. 16.300,- på basaren sin i år. Før basaren var det tombola der særleg barna var ivrig frampå, og på hovudutlodninga var det svært mange fine gevinstar. Dette var gevinstar som laget i stor grad hadde fått i gåve, og som laget er svært takksame for.
På basaren kåserte elles Signe Heggem om korleis ein skal halde seg ungdommeleg i moden alder. Ho demonstrerte dette med øvingar og dans til.
Kretsformann Solveig Bele las dikt av Sigmund Skard, og Helge Fivelstad las frå »Hammaren lagar mål» av Arnljot Eggen.
Fem unge jenter gledde og forsamlinga med vakker song til akkompagnement på orgel.

Fylkesmannen:

# KRITIKK AV KOMMUNEN SITT -81 REKNESKAP

**Fylkesmannen har no godkjent budsjettet for Stranda kommune for 1981. Men det har ikkje skjedd utan skarpe merknader. Kommunen hadde for det året eit underskot på om lag 2.2 mill. kroner, og denne summen må no førast opp til dekking over budsjettet for 1983.**
**Som vi tidlegare har fortalt, måtte kommunen strame inn -82 budsjettet med 1,8 mill. nyleg, og budsjettarbeidet for 1983 som vert avslutta i desse dagar, må såleis vere overmåte vanskeleg, skulle vi tru.**

I brevet frå Fylkesmannens kontor, vert det elles peika på fleire forhold som kommunen no må få retta på i praksisen sin. Mellom anna må det verte slutt med å avslutte rekneskapen med så store underskot som for 1981. Det må og leggast meir vekt på det førebuande budsjettarbeidet slik at det vert betre samsvar mellom ressursbruk og ressurstilgang. Kommunen må og følgje anordningsprinsippet fullt ut. Slik det er no har fleire utgiftspostar som høyrer heime på 81-budsjettet blitt ført over til 82-budsjettet.
Kommunen har dessutan sett i gang prosjekt utan at finansieringa var ordna på førehand. Fylkesmannen går ut frå at dette ikkje vert gjort i framtida. Stranda Kommune skuldar og Kommunalbanken betydelege summar, skriv fylkesmannen, og oppmodar kommunen om å få orden i dette snarast.
Kommunen går og glipp av eller får for seint inn betydelege inntekter frå kommunale husleiger og avgifter, vert det sagt i brevet. Det kunne elles vere grunn til å peike på fleire tilhøve ved økonomiforvaltninga i Stranda kommune, slik dette er kome fram gjennom rekneskap og revisjonsmeldingar, men frå fylkesmannens kontor nøyer ein seg med å vise til revisjonsmeldinga av 14. mai 1982.

# HYGGJEKVELD PÅ SAMFUNNS-HUSET I KVELD

I kveld - fredag 3. desember – går underhaldningskvelden til Sunnylven Samfunnshus av stabelen, og møtestad er sjølvsagt samfunnshuset.
Arrangørane har fått til eit variert program, der visinga av Sunnylvsfilmen kanskje er av spesiell interesse. Denne filmen vart teken opp av sokneprest Bruknapp i 50 - åra, og filmen er i fargar.
Filmen tek oss med på ein rundtur i bygd og dal. Her får vi sjå daglegliyet i grendene på den tid, vi får sjå glimt frå 17. mai feiringa på Hellesylt, og får og vere til stades i eit bryllaup. Filmen tek og for seg framveksten av nye verksemder i bygda på den tida, og gjev og glimt frå turisttrafikken gjennom bygda.
Av programmet elles nemner vi kåseri ved Per Svein Aasen, og fleire lokale lag støttar opp om programmet med ulike innslag. Kor og korps syter for varierte musikalske innslag og det vert sal av kaker, kaffi og brus.

# STRANDA HØGRE

### KJELL RUNDE NY NESTFORMANN

Stranda Høgre har halde årsmøte og attvald Vidar Vike som formann. Kjell Runde, Hellesylt, vart vald til ny nestformann. I styret sit elles Anne Lise Karlsen (kasserar), Steinar Belsby (sekretær) og Stein Eldar Langlo , (styremedlem.)
På årsmøtet var stortingsmann Oddbjørn Langlo til stades. Han orienterte om det framlagde statsbudsjettet og den industripolitikken som det vert lagt opp til. Det viktige måtte vere at industrien no fekk styrkt konkurranseevna si , meinte Langlo.

Debut for Oddrun Ulvestad:

# Barnebok frå jordbruksmiljø

Forlaget Nordvest i Ålesund som er det yngste medlem i Den norske Forleggerforening kan i desse dagar presentere si første skjønnlitterære bok – ei barnebok med tittelen »Den underlege sommaren».
Forfattar er Oddrun Ulvestad frå Eidså, velkjend som journalist, radiokåsør og bibliotekar.
Boka er illustrert av teiknaren Tone Anda som tidlegare har hatt liknande oppgåver.
Innhaldet i boka er henta frå jordbruksmiljø, og hovudpersonen er ei lita jente, Lise, som bur på ein gard ute mot havgapet. Mora er bonde og faren fiskar. Ein sommar får Lise oppleve noko som gjer den rolege kvardagen heil annleis enn før. Ho oppdagar nokre teikn på berget like ved, og mykje folk kjem til gards for å sjå det merkelege. Livet på garden den sommaren blir ikkje slik Lise hadde venta det.
Det er blitt ei spanande bok, litt trist, kanskje, men likevel ei glad forteljing for barn.
Boka kjem i eit opplag på 2500 eksemplar og er utsendt til alle bokhandlarar i landet.




*Forfattar og illustratør syner her fram »Den underlege sommaren» – Oddrun Ulvestad (t.v.) og Tone Anda.*

# ÅRSMØTE MED DÅRLEG FRAMMØTE

**Det var ikkje store møtelyden Ole Aasen kunne ønskje velkomen til årsmøtet i Sunnylven IL søndag. Berre vel 20 var frammøtte, og det er for lite når laget har bokført 332 medlemmar. Årsmøtet vart roleg og sakleg, og vart greitt avvikla.**

Fredrik Stadheim refererte først årsmeldinga. Ho gav vi att i siste nummer og skal her berre legge til at det og komande sesong kan vere aktuelt å stille eit Bedriftslag i tillegg til senior, dame- og jentelag.

Steinar Ringdal, formann i banenemndene, gav ein rapport til årsmøtet om arbeidet som no pågår for å byggje ut dei to anlegga. Vi gjev att innhaldet av denne rapporten på annan stad i avisa.

Rekneskapen vart så lagt fram. (Også den trykt i førre nummer.) Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på heile kr. 34.081,81.

Det kom fram ein del kritikk over at det var så store overskridingar hos eit par grupper. Som forklaring vart nemnt at friidrettsgruppa t.d. har eit forholdsvis stort lager av drakter og premiar. Dessutan har gruppa hatt ein viss inntektssvikt på sine tilskipingar. Fotballgruppa satsa ein god del på å gje damelaget gode tilbod i kampen for kretsmeisterskapet. Det førte mellom anna til store reiseutgifter. I kommentarar til fotballgruppa vart det nemnt at det var beklageleg at gruppa *fann å måtte trekke* gutelaget frå serien i fjor, og at det heller ikkje i år vert stilt gutelag i dei aldersbestemte klassene. Her vart fotballgruppa oppmoda om å få skipa til ein løkkecup eller liknande for å aktivisere dei unge.

Rekneskapen vart elles samrøystes godkjent.

Vala gjekk greitt unna og Kjell Runde vart vald til formann. Vi skal her ta med styre og grupper i laget for 1983:

HOVUDSTYRE
Formann: Kjell Runde, m p.v. Oddmund Fivelstad.
Nestformann: Elsa Ljøen, m p.v. Johanne Matvik.
Økonomi: Oddvar Tynes, m. p.v. Olga Langeland.
Sekretær: Hans Holmøyvik m. p.v. Hans Rudi.
Styremedlem: Inge Røyrhus m. p.v. Gunn Sundgot.

Årsmøtet vedtok at Hans Holmøyvik kan få gå ut av styret etter eit år om han måtte ynskje det.

FRIIDRETTSGRUPPA
Inge Røyrhus, formann
Svein Rusten
Inge Johan Tryggestad
Jens Olav Sæten
Turid Tryggestad
Ingjerd Hauge
Oddmund Fivelstad
Ole Ragnar Korsbrekke

TRIM / ORIENTERING
Ole Aasen, form. orientering
Per Langeland
Bjarne Sjåstad
Liv Norunn Langeland
Lilli - Karin Ljøen
Ingebjørg S Fivelstad
Gruppa vel trim - formann sjølve.

SKIGRUPPA
Olav Ringdal, formann
Jørgen Wollsæter
Roger Tryggestad
Arne Korsbrekke
Sverre Nybø
Jon Arne Langeland
Lars K Hauge

FOTBALLGRUPPA
Ole Aasen, formann
Oddhild Gjørvad
Anne Marie Røyrhus
Bjarne Sjåstad
Fredrik Stadheim
Leif Egil Aasen.

BANENEMND
Steinar H Ringdal, formann
Arne Korsbrekke
Knut J Tryggestad
Hans Hole
Rolf Matvik
Arne Inge Tryggestad

NY BANE
Steinar H Ringdal
Knut A Hole
Kjell Runde

VALKOMITE
Jon Arne Langeland, formann
Kari Hauso Stadheim
Anne Marie Røyrhus
Hans Rudi

REVISORAR
Arnfinn Tryggestad
Ivar O Aasen

Representant til årsmøtet i Sunnylven Samfunnshus P/L:
Kjell Runde, m/ Elsa Ljøen som vararepr.

### På årsmøtet:

# PREMIEUTDELINGAR

På årsmøtet vart det og delt ut premiar for Fjelltrimmen, og pokalar for denne. Ann Kristin Langeland, Jenny Bjørdal og Sverre Nybø fekk pokal for over 500 poeng, medan Knut Dag Langeland fekk pokal for over 1000 oppnådde poeng. Sjølve »trimkongen» Ingolf Ringdal, som diverre ikkje var til stades på årsmøtet, fekk statuett for over 2000 trimpoeng ! Jubileumspokalen tilfall i år Paul Tronstad ( Sjå framsida).

Medlemskontingenten vart og drøfta på møtet. Her vart det hevda at kvar av dei aktive vaksne skulle ha betalt kr. 50,- og ikkje kunne nytta familiemedlemskapen. Men det vart vedteke å halde kontingenten uendra også for 1983.

Likeeins vart køyregodtgjerdsla på kr. 0.75 pr. km. vedteken halden uendra.



*Frå v.: Ann Kristin Langeland, Jenny Bjørdal, Sverre Nybø og Knut Dag Langeland.*

Sunnylven I. L.

# HOVEDSTYRET 1983



*Her presenterer vi Hovudstyret for Sunnylven Idrottslag for 1983.*
*Øvst: Formannen, Kjell Runde.*
*I midten t.v. : Nestformannen, Elsa Ljøen, og kasserar Oddvar Tynes.*
*Underst t.v. : Sekretæren for styret : Hans Holmøyvik og styremedlem Inge Røyrhus.*

# Rapport fra banenemnda

**På årsmøtet i Sunnylven IL orienterte formannen i banenemndene, Steinar H Ringdal, om arbeidet som alt er utført og om det som no er under arbeid på dei tre anlegga laget no held på med. Det er grasbana, som no vert omlagt, grusbana ved Sunnylven skule, og lysanlegg på denne bana.**

Alle tre anlegga er stønadsberettiga frå STUI, fortalde Ringdal, men då ein til no berre har fått ut stønadsmidlar for grasbana, og samstundes arbeider med tre prosjekt, kan dette føre til at ein får ein noko anstrengt økonomi, meinte han.

For grasbana får ein stønad for 12 mål, men her er det gjort grunnarbeid på i alt 22 mål, og på desse 10 overskytande måla kan ein seinare få lagt stønadsberettiga anlegg, sa Ringdal. Arbeidet på grasbana er i godt

**Over til s. 8**

# AKTIV UNGDOMSGRUPPE I SKYTTARLAGET

Ungdomsgruppa i Skyttarlaget har hatt desse medlemmane siste året: Jan Erik Øksvang, Alv Høgalmen og Ole Asbjørn Frøysa.

Rekrutteringsskyttarane i Sunnylven Skyttarlag har hatt eit svært godt år i 1982. Det har som regel vore ein av våre skyttarar i teten i dei stemna som har vore haldne. Nokre skyttarar har falle frå av ulike årsaker, men laget fekk to nye skyttarar iår, og dei har vist svært gode resultat trass i at det er første sesongen for begge. Dei to er rekrutten Kjell Oddvar Frøysa og junioren Nils Olav Frøysa. Den sistnemnde sikra seg begge lagsmeisterskaps stjernene, henholdsvis i felt og på bane. I felt oppnådde Nils Olav Frøysa den sterke poengsummen 28/23 treff.

Ungdomsgruppa har i år hatt ansvaret for til saman 3 feltstemne, 8 miniatyrstemne og 3 baneskytingar. Gruppa har lagt ned eit stort arbeid for å få til eit brukbart opplegg for sine arrangement. Mellom anna må det trekkjast fram den dugnadsånd som både styremedlemmar og dei aktive i laget har delteke i. På forsommaren reiv gruppa ned ei hytte på Frøysa-setra under leiing av formannen i gruppa. Ungdommen i Bygda var med på det. I sommarferien vart så standplass med overbygg for 100 m reist i Hyttehola. Der kom og anvisargrav og skivestativ for felt og baneskyting. Arbeidet her vart leia av Alv Høgalmen og formannen i gruppa. Også dei unge la ned eit stort arbeid her.

Utanom dei nemnde skytingane, som er skrivne om tidlegare, kan det nemnast at Hjorteprøva i år vart avvikla på 100 meteren.

Laget har no 6 miniatyrgevær som dei yngre i laget får bruke. Men det vert henstillt til foreldra at våpena vert regelmessig pussa slik at våpena er i 100 % stand til ei kvar tid. Laget har i år som tidlegare hatt mange konkurranser om diverse pokalar og krus, Dei vanlege er Ole Ringdals krus, Åkerneskruset og Miniatyrkruset. Det har vore stor interesse for desse skytingane. Aksje i Ole Ringdals krus sikra Ivar Fivelstad seg, tett følgd av Arild Øksvang. Ivar Fivelstad fekk og sin 2. aksje i skytinga om Åkerneskruset. Her vart Kjell Oddvar Frøysa ein god nr. 2. Egil Jarle Frøysa tok sin 2. aksje i Miniatyrkruset.

I årets cup-skyting på Sunnmøre vart laget frå Sunnylven nr. 2, berre slått av Langevåg med 1 poeng. I første runde slo dei ut Søvikdal med rekordsummen 844 poeng. På laget til Sunnylven skaut: Ivar Fivelstad, Arild Øksvang, Olav Elling Gausdal og Nils Olav Frøysa.

Den største enkeltprestasjonen stod utan tvil rekrutten Ivar Fivelstad for under samlagsmeisterskapen på Brunstad. Der vann han klasse rekrutt med 30 treff. For denne prestasjonen fekk han den høgthengande Raufoss- medaljen med diplom. Junioren Olav Elling Gausdal vart nr. 3 i same stemne med 25/17 treff.

Under samlagsmeisterskapet i Miniatyr på Stranda i år vart Arild Øksvang nr. 2 med 244 p.

Desse har fått jubileumsmedaljer på samlagsstemne bane: Ivar Fivelstad, Kjell Oddvar Frøysa, Arne Storstein og Olav Elling Gausdal. Jubileumsmedalje frå Langevåg fekk: Arild Øksvang og Ivar Fivelstad. Øksvang fekk og medlaje frå jubileumsstemnet i Nordfjord. Av dei beste resultata i 1982 kan vi nemne: Karusell 1 og 2 har følgende skyttarar fått premie: Olav Elling Gausdal, Egil Jarle Frøysa, Arild Øksvang og Arne Storstein. Arild Øksvang, Olav Elling Gausdal og Ivar Fivelstad tok lagsølv i årets Grotlistemne. Ivar Fivelstad vart vinnar i årets Olsvikstemne med 244 poeng. Nils Olav Frøysa nr. 2 i Nationskytinga. Her fekk og Olav Elling Gausdal og Arild Øksvang premie.

Under samlagsskytinga mot Søre Sunnmøre var Sunnylven representert med 4 deltakarar: Olav Elling Gausdal, Nils Olav Frøysa, Ivar Fivelstad og Arild Øksvang. Sunnmøre vann samlagsskytinga med god margin.

LAGSMEISTERSKAP

Lagsmeister, miniatyr:
Ivar Fivelstad
Ann Iren Høgalmen
Margrete Matvik
Lagsmeister felt
Arne Storstein
Nils Olav Frøysa
Margrete Matvik
Lagsmeister bane
Ivar Fivelstad
Nils Olav Frøysa
Olav Lade.

Alle som har skote om dugleiksmerke har klart krava med glans. I år har vi 7 som har klart krava til 3 års medaljen, og av desse er Frank Eivind Øksvang den yngste som har klart dette. Dei øvrige er Ivar Fivelstad, Arild Øksvang, Olav Elling Gausdal, Ann Iren Høgalmen, Odd Arne Langeland og Arne Storstein. Sunnylven Skyttarlag er det laget på Sunnmøre i år som har flest skyttarar som har klart kravet til denne medaljen.

Desse har klart kravet til NAIS-medaljen:
Frank Eivind Øksvang
Nils Olav Frøysa
Kjell Oddvar Frøysa

Desse har klart kravet til Kvartmatch - merke:
Arild Øksvang
Nils Olav Frøysa
Kjell Oddvar Frøysa
Ivar Fivelstad

NORMA - merket vert i år tildelt
Kjell Oddvar Frøysa
Arne Storstein

UNGDOMSGRUPPA



*Fire unge sunnylvingar som veit å finne vegen til ti- arane. Framme frå v.: Arild Øksvang, Olav Elling Gausdal, Nils Olav Frøysa og Ivar Fivelstad. Bak dei Gunnar Tryggestad (t.v.) og Inge R Fivelstad. To sunnylvingar som no skyt for Ålesund Skyttarlag, og som både som aktive og elles har lagt ned eit stort arbeid for skyttarsaka på Sunnmøre.*

# ☆ STOR TRENINGSIVER ☆



*Førebuinga for fotball- sesongen 1983 er alt godt i gang. Jentelaget, som gjorde ein fin sesong i år, kviler i alle fall ikkje på sine laurbær. To kveldar for veka er dei i sving med hard trening leia av Anne Marie Røyrhus og Oddhild Gjørvad. Treningsframmøtet bør og kunne stå som føredøme for andre lag. Då vi var innom i førre veke var 17 jenter frammøtte, og treninga gjekk med liv og lyst. På biletet har vi samla dei aktive, og vi ser bak frå v.: Anne Marie Røyrhus (trenar), Astrid Tronstad, Rønnaug Kjellstad, Kristin Hole, Wenche Høgalmen, Marianne Gjørvad, Mariann Sundgot, Anne Elisabeth Ringdal, Line Høgalmen, Bodil Tronstad og Oddhild Gjørvad (trenar).*
*Framme frå v.: Marianne Hole, Kristin Kjellstad, Janne Hanssen, Ann Kristin Sundgot, Norunn Brekke, Trine Tryggestad Synnøve Kjellstad og Linda Tryggestad.*

# DEI NAMNGJETNE SPELEMANNSBRØRNE PÅ KJELLSTAD

**I Framigards-tunet på Kjellstad i Sunnylven har dei fostra spelemennene og komponistane Ola og Iver Kjellstad. Dei var brør, og båe var store kunstnartalent som vart landskjende.**



*Ivar (t.v.) og Ola Kjellstad (Fotohistorisk arkiv, L.R. Lunde.)*

Musikken låg i slekta i Framigarden. Ivar Kjellstad vart mest kjend gjennom dei mange konsertane han heldt rundt om i landet. Det gjekk gjetord om det kjenslerike spelet og den makelause fingertamen hans. Johan Halvorsen kalla han »virtousen mellom felespelarane» i landet.

Mange meiner likevel at broren Ola var den mest musikalske av dei to, men han hadde både gardsdrifta og tungt steinarbeid. Ein undra seg då over at han likevel kunne traktere fela slik han gjorde med dei svære fingrane sine. – Ola var i lang tid fast å finne i bryllaup og elles ved festlege høve i Sunnylven og næraste bygdene. Når han kom vart det fest. »Morfar hadde litt av hovdingen over seg», seier Harald Tronstad, som fortel oss det vi her skriv.

Båe brørne hadde sterke litterære interesser. Dei las Ibsen, Bjørnson og Ivar Aasen om kapp, og tevla om kven som kunne mest »utanboks». Bøkene fekk dei frå den tredje av brørne, Lars, som i ei årrekkje var fast knytt til Nationaltheatret.

Harald Tronstad var 21 år då Ola døydde, og han har mange minne etter »besten», som han seier:

Inspirasjonen kom oftast når Ola arbeidde ute, og då var det å skunde seg inn og skrive det ned. Men ofte var han så langt unna at dette var uråd. Såleis er det mange av Kjellstad sine komposisjonar som ikkje er nedteikna og difor diverre berre er kjende av nokre få. »Gluggen», »Kjellstad-hallingen» og »Brudlaupsafta» er derimot mykje nytta.

Det var ofte framandfolk på »Fokhaug». Dei ville lære slåttane. Og der sat då Ola og spela dei oppatt og oppatt i same rommet som besta (Pernille Marie) og ungane heldt til. Ein skulle tru at det kunne vere litt irriterande for besta mang ein gong, men ho klaga aldri. Til feletonar og ungeskrik gjorde ho sitt daglege arbeid, anten det galdt å varme kalvedrikken eller steike potetkaker.

Også landskjende spelemenn kom på vitjing. Ein av dei var Loms- Jakop, som Ola første gong fekk helse på som 15 - åring i Geiranger. Loms- Jakop såg at det budde eit stort talent i ungguten frå Sunnylven, og dei knytte eit vennskap som varde livet ut.

